

Ing. Asbjørn Danielsen

Fabrikkgt. 8  
5059 BERGENDykkar ref. Sakshandsamar:  
Linda FolkestadVår ref. Telefon  
2010/510 - 0 - 56375170  
24912/2010Arkivkode: Dato:  
214/88 08.12.2010**Vedrørende søknad om ny avkjørsle frå kommunal veg, Gbnr. 214/88, Fyllingsnes.**

Syner til brev dagsett 21. oktober 2010 vedrørende søknad om ny avkjørsle frå kommunal veg i samband med delingssøknad på Gbnr. 214/88, Fyllingsnes. Etter synfaring på staden og vurdering av forholda vil vegavdelinga gje løyve til avkjørsle for 1 bustadeining på følgjande vilkår (standard krav):

- Avkjørsle skal opparbeidast slik at den tilfredsstillar dei tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet (vegnormal 017, veglova §§ 40-43 og forskrift FOR-1964-07-16 nr. 3905). Avkjørsle skal blant anna ha eit fall frå kommunal veg på 2,5% (5cm) på dei to første metrane før vegen stiger/faller. Verdiane gjeld veg med ferdig dekke (asfalt, oljegrus osv).
- Under avkjørsle skal det leggjast ned dreneringsrør med ei diameter på minimum 200mm. Dreneringsrøret skal leggjast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.
- Avkjørsle skal være bygd slik at det er god oversikt i vegkrysset slik at den fører til minst muleg ulempe for dei som ferdist langs offentleg veg. Avkjørsle skal leggjast vinkelrett på kommunevegen.
- Det skal være uhindra sikt i eit område langs kommunevegen på kvar side av avkjørsle. Siktsona vert konstruert ved hjelp av ei sikttrekant frå eit punkt 4m inn i avkjørsle (målt frå kant kommunal veg) og minimum 80 meter (80km/t = 80m sikt) i kvar retning (målt langs kant kommunal veg).
- Siktsona skal være fri for sikthindringar, til dømes gjerde, hekk, mur, buskvekstar og byggverk, som er høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle. Siktsona kan ikkje nyttast til parkering.
- Svingradius skal være slik at ein kan svinge til både høgre og venstre i kommunevegen. Svingradius er sett til minimum 3m.
- Dersom avkjørsle er adkomst til garasje, driftsbygning, forretning eller regelmessig nyttast til bilkjøring (hytte/bustad) skal det utanfor vegområde innrettast sнопlass slik at rygging inn og ut frå kommunevegen unngåast.
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt kart (dater 09.12.2010.).

Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig til byggesak. Kart som viser avkjørsle, sнопlass, parkeringsplassar og plassering av bustad skal leverast med byggesaka.



Det er §§ 29-31 og 40-43 i Veglova, vegnormal 017 og forskrift av 1964 (FOR-1964-07-16 nr. 3905, punkt 3-13 og 15) som gjev lovheimel for at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve er gjeve ut i frå overnemnte regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på dei vilkår som er nemnt ovanfor.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen jf. Lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.*

Med helsing

for

---


einingsleiar teknisk drift

*Linda Folkestad*

---

Linda Folkestad  
saksbehandlar teknisk drift

Kopi til:  
Vigleik Stusdal  
Sveinung A.  
Håkonsen



LINDÅS KOMMUNE	
Kisseering	214/88
15 10 111	
Ark. saknr.	Løp.nr.
Saksnr.	Tilgangscode
Folk	

NB! Kart ikke i målestokk

Måte grense	Stene i utstadi
Regulerte grenser	Hytte terreng
Udefinert grense	Garasje utlag
Terrainmåle grense	Indetri lag
Feststilt grensepunkt	Andre bygg
Bølg	
Bustad m. leilighet	
Vanngrense	

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.

dato: 2009.09.15  
sign: stv1

Lindås kommune  
Byggesak  
09.12.2010 Folk

1:1000